



Tingvoll, 23.4.2022

Rauma kommune
post@rauma.kommune.no

OFFENTLEG ETTERSYN – SØKNAD OM AKVAKULTURANLEGG FOR MATFISK AV TORSK - RAUMA KOMMUNE - FRÅSEGN


Etter avtale med Naturvernforbundet i Rauma skriv fylkeslaget fråsegn i denne saka.

Dette er ein søknad som kjem som ein stim i form av 10-15 søknader om konsesjon for torskeoppdrett i løpet av nokre månader i Møre og Romsdal. For kring 10 år sidan såg ein dei siste dønningane etter den førre satsinga på torsk. Dei som søker no seier at problema som avslutta det førre eventyret no er løyst. Det skal prøvast ut. I stor skala, kjempestor skala. Viss det går gale med noko, så går det stort sett gale med alt. Påverkar dette t.d. dei lokale bestandane av kysttorsk, så må ein rekne med at alle bestandane i fylket vil bli prega av dette. Det same gjeld om t.d. laksen eller sjøauren får dårlegare kår. Det er eit stort eksperiment. Det er eit selskap med ein aksjekapital på 30 000 kroner som ber om å få prøve seg. Spørsmålet er om dei skal få lov. Naturvernforbundet meiner at dokumentasjon av ulike tilhøve er for dårleg og risikoen er for stor. Det vil vere feil å gje konsesjon til så mange søknader på ein gong. Det må dessutan undersøkjast og dokumenterast meir før eventuelt dei første konsesjonane blir gjeve.

Kartlegging


Dei lokale bestandane av kysttorsk er generelt dårleg kartlagd. Det er eit særleg sentralt spørsmål i denne saka. Vi veit lite kva som skjer med den ville torsken viss det kjem eit stort innslag av oppdrettstorsk i fjorden. Vil t.d. den ville torsken halde seg nær merda? Vil den ville torsken bli påverka av lyset som manipulerer kjønnslivet til tamtorsken? Kva slags konsekvensar vil det kunne få? Vi tykkjer ikkje slike spørsmål får overtydande gode svar i søknaden. Dette er viktige spørsmål og dei må konsekvensutgreiast. Ein tar ikkje risiko med den fiskearten som Noreg truleg er mest kjent for gjennom mange hundre år.

Det har vore noko kartlegging etter DN-handbok 19 av marine naturtypar. Når ein ser kartet bør ein undre seg over kvar det er påvist lokalitetar, og kanskje like mykje kvar det ikkje er funne lokalitetar. Ein treng eigentleg eit kartlag til, der det går fram kva areal som er kartlagd. Fråvere av lokalitetar kan skuldast at det ikkje er nokon, eller at ingen har leita. Slikt må ein vite. Om ikkje så kan ein ikkje seie at fråvere av registreringar tyder at det ikkje er noko der.




Frå Naturbase 20.4.2022. Lokaltetar kartlagd etter DN-handbok 19 er merka med grønt.

Går ein til Artskart for å sjå kva som er registrert av stortare og ålegras, så er det mykje den same situasjonen for desse artane. Der naturbase har lokalitetar med tareskog har artskart ikkje ei einaste registrering av stortare. Vi meiner ein bør legge til grunn at ein veit ikkje kva utbreiing desse artane har. Det kan berre avbøtast med opplysningar om kva som er kartlagd og kriteria for kartlegginga. Er det ikkje kartlagd, så er det nødvendig å kartlegge.



Artskart 18.4.2022. Stortare.



Artskart 18.4.2022. Ålegresslekta.

Det blir vist til at det er nokre spørsmål som er avklara i samband med vedtatt sjøarealplan. Det er prinsipielt rett, men i realiteten er avklaringa mangelfull. Mellom anna har torskeoppdrett utvikla seg til noko anna enn det ein kunne legge til grunn då sjøarealplana blei handsama. Det er difor nødvendig å gå gjennom ulike tema for å klarlegge om føresetnaden er til stades, eller om ein må gjere nye utgreiingar. Naturvernforbundet meiner at kunnskapen om førekomst av kysttorsk, stortare og ålegras er mellom dei tema som må takast opp igjen.

Sjøfugl – ny raudliste

Naturvernforbundet antar at sjøområdet aust for Holmsholmen blir bruka ein del av sjøfugl. Det finst ein del registreringar av sjøfugl i området. Sidan mange av artane er raudlista, bør ein gjere ein omfattande gjennomgang av dette materialet og eventuelt gjennomføre supplerande undersøkingar. I samband med dette arbeidet kan det tenkjast at ein må undersøke større område enn det som blir direkte råka av det tekniske anlegget. Sjølv ein liten bestand av ein raudlista art innanfor influensområdet kan ha stor verdi viss dette er einaste plassen arten finst i området.

Det er ikkje utenkeleg at det kan vere anna enn sjøfugl som også er knytt til omsøkt område. Det må også klarleggast nærare.

Påverking av laks og sjøaure

Eit oppdrettsanlegg for torsk kan truleg ha ein verknad på laks og sjøaure. Naturvernforbundet trur kunnskapen om dette er såpass dårleg at ein må legge inn eit betydeleg element av føre var når det gjeld dette temaet.

Sumverknad

Det er søkt om ein lokalitet til oppdrett av torsk i Vestnes kommune. Det må undersøkjast om det kan vere nokon sumverknad av fleire anlegg i same fjordsystem.

Elles vil torsken som annan oppdrettsfisk sleppe ut næringsemne i sjøen. Naturvernforbundet er overtydd om at denne typen utslepp i sum er såpass stor at ein har passert for ei stund sidan ei mengde som kan seiast å vere bra for fjordsystemet. Det er difor meir eit spørsmål om kor mykje skade ein skal akseptere som følgje av oppdrett. Kommunane i området bruker ein del ressursar til å reinse kloakk, som mykje godt er det same. Sjølv om det er tale om ei fortynningseffekt, så er ein avhengig av at det ein tynner med framleis er såpass reint at det er hjelp i.

Motstrid mellom Gadus Group AS og Havforskningsinstituttet

Det verkar som det er noko usemje om faktiske tilhøve:

på gytefelt. Det er imidlertid ikke påvist kryssninger mellom villtorsk og oppdrettstorsk, verken fra rømt fisk eller fra gyting i merd (Meeren mfl. 2012), (Jørstad mfl. 2008). I tillegg til tester på stamfisk,

Vi har klipt frå rapporten om påverking av vill torsk på side 3. (Vi seier oss samtidig lei for at vi berre har klipt frå rapporten utan å spørje Gadus om løyve, og ikkje tar med heile rapporten i heilskap slik Gadus Group krev i innleiinga.)

Vi opplever ved å lese Havforskningsinstituttet (HI) sin rapport <https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-22> og samanlikne dette med kva Gadus seier om same tema at dette ikkje heng saman.

Det går igjen i HI sin rapport at kysttorsken består av små stammar som generelt ikkje har det veldig bra. Særleg dei små stammene vil vere utsette om dei blir utsett for påverknad frå tamtorsk.

Vidare seier HI: *Genetiske interaksjoner mellom domestisert oppdrettsfisk og ville populasjoner er godt dokumentert og representerer en av de største utfordringene for et bærekraftig havbruk (Bekkevold m.fl. 2006; Taranger m.fl. 2015; Forseth m.fl. 2017; Glover m.fl. 2017).*

Vidare:

I motsetning til laksen vil torsken kunne gyte i merdene. Gyteatferd hos torsk involverer trolig partnervalg med kurtise (Karlsen & van der Meeren 2013), og det er observert at torsk kan gyte i små vannvolum (van der Meeren & Ivannikov 2006). Det er videre påvist at befruktete egg fra oppdrettstorsk vil unnsnippe merdene og overleve til kjønnsmoden torsk som igjen vil bidra til gyting på lokale gytefelt (Jørstad m.fl. 2008; van der Meeren m.fl. 2012). En studie med genetisk merket torsk i et kommersielt oppdrettsanlegg i Norddalsfjorden ved Florø påviste larver og yngel av torsk med den genetiske markøren i og ved gyteområder opp til 19 km unna anlegget, men grunnet rømmingsepisoder fra anlegget var det ikke mulig å si om dette var avkom fra gyting i merd eller fra rømt torsk (Jørstad m.fl. 2014).

Naturvernforbundet får ikkje til anna enn at det kan vere ein viss motstrid om dette temaet mellom det Gadus Group og Havforskningsinstituttet seier.

Påverking av lys

Søkjjar seier dei vil bruke lys for å utsetje gyting. Det er påvist nordflaggermus i området. Arten er raudlista (VU). Det er antatt at flaggermus blir påverka av lys. Det må difor utgreiast korleis dette kan påverke flaggermus. Dessutan må ein utgreie om vill fisk som går i nærleiken av merda vil bli påverka. Viss den ville fisken også blir påverka til å ikkje gyte eller gyte seint, så er det ugreitt.

Forbruk av fôrressursar

På folkemøtet i Sunndal 26.1. presenterte Gadus Group seg med at dei skulle «*Sikre verden tilgang på nok mat på en berekraftig måte*». Oppdrettsfisk må i tilfelle ete mat som vi menneske ikkje kan nytte oss av viss dette skal vere tilfelle. Om dette ikkje er tilfelle så vil verda få tilgang til mindre mat, ikkje meir. Dette er eit spørsmål som kan vere sentralt når ein skal avgjere saka.

Søkjjar seier at dei bruker vesentleg meir fôr med marint opphav enn det som er vanleg. Laksenæringa har dei seinare åra auka andelen som ikkje har marint opphav grunna for liten tilgang av fôr med marint opphav. Når mindre bruk av soya blir vist til som ein fordel når ein skal vurdere om søknaden skal føre til ein konsesjon, er det nødvendig å få klarlagt meir om det. På møtet i Sunndal blei det opplyst at avskjær frå lakseproduksjon er aktuelt fôr. Når ein ikkje kan føre laks med slikt fôr, så vil vi t.d. vite om det er greitt å bruke slikt fôr når ein har ei lakseførande elv som nabo. Jo meir laks ein kan føre opp på soya, jo meir marint fôr blir det tilgang til for tamtorskverksemda. Det høyrast jo mykje betre ut enn om tamtorsken et soya, men er det kanskje ikkje. Viss det er andre fiskeressursar næringa har sett seg ut, er det nødvendig å få gjort ei vurdering av kor mykje ressursar ein kan ta ut før andre artar blir vesentleg påverka. Her må ein også ta høgde for at det kan bli mange svoltne tamtorskar i framtida, så mange søknader som ein no ser.

Avl på torsk og lokale torskestammar

Vi har sett gjennom 50 år at tamlaks er noko anna enn laksen i vill tilstand. Ved utval får tamlaksen andre eigenskapar. Så lenge tamlaksen ender på middagsbordet utan å ha rota det til med vill laks på veggen, så treng det ikkje vere eit problem. Så snart tamlaks blander seg med den ville, så har ein fått ein negativ verknad.

Vi er overtydde om at ein vil sjå det same med tamtorsken. Det blir opplyst at ein no har 6. eller 7. generasjon tamtorsk.

Sidan kysttorsken har forskjellig genetikk etter kvar han held til, dvs. forskjellige stammar, vil det då bli eit problem både at han kan bli utsett for blanding med ein tamtorsk som er avla på, men også at det blir blanding av fleire lokale kysttorskstammar.

Vi har ikkje sett teikn til at tamtorskverksemda har tenkt å bruke 1. generasjon aktuell kysttorsk i staden for den dei har avla på. Her er det noko som må utgreiast grundig, slik at ein kan unngå problema som har oppstått med tamlaksen.

Vi såg nettopp ein artikkel hos Nrk om supergenar hos torsk. Universitetet i Agder var opphavet til nyhendesaka. Einsretting av genetikken som ein ser hos tamlaksen, og rot med lokale kysttorskstammar vil truleg vere negativt ut frå det som var nemnt om supergenane. ¹

¹ <https://www.nrk.no/nordland/supergener-i-torsk-gjor-den-bedre-utrustet-til-a-takle-endringer-i-klima-1.15858039>

Gadus Group har et uomtvistelig fokus på bærekraft – som er dypt innarbeidet i vår forretningsmodell, og forankret hos både ansatte, ledelse, styre, eiere, kunder og leverandører. FNs bærekraftsmål er herav en integrert del av Gadus' strategi. **Gadus skal derfor følge de aller strengeste standarder og interne retningslinjer for å hindre at vår virksomhet påvirker naturen og omgivelsene negativt.**

Sitatet over er funne i Gadus group sin eigen rapport side 3 om påverking av vill torsk. Utan konsesjon er det vel ikkje noko selskap som kan ha mange tilsette. At fokus på bærekraft kan vere forankra hos tilsette og kundar alt no høyrast meir enn merkeleg ut. Vi tykkjer dette liknar håp og lovnader. Dette er ikkje noko ein kan stille opp som garanti for at alt vil gå godt.

Konklusjon:

Oppdrett av torsk er på mange måtar ei ny næring. Det er mykje vi ikkje veit om korleis denne næringa kan påverke naturen. Den viktigaste kunnskapen vi har er skaffa gjennom 50 år med oppdrett av laks. Med dei problemstillingane som har blitt synlege i lakseoppdrett, er det tydeleg at ein skal gjere ein del ting annleis med torsk. Det er difor eit etter måten stort behov for kunnskap. Denne kunnskapen må andre enn næringa sjølv skaffe. Difor er det eit stort behov for konsekvensutgreiing i saker som denne. Vi er ille ute med laksen som følgje av at næringa fekk sleppe til for lett.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær